



Norsk studentorganisasjon

NORSK HØGARE UTDANNING MÅ BIDRA TIL Å SIKRE GODE ØKOSYSTEM FOR INNOVASJON

Vedteke på sentralstyremøte 2, 25. oktober 2019.

Vi er meir avhengige enn nokon gong av å auke innovasjonskraft og innovasjonstakt i samfunnet. Etter berekningar gjort av DNB, basert på Perspektivmeldinga 2017, treng vi 77 460 nye bedrifter kvart år fram mot 2040 for å sikre det norske velferdssamfunnet. Dagens nivå er om lag 60 000, det betyr ei auke på 30 % i talet gründerar som etablerer bedrift, for å halde dagens velferdsnivå. (Holm, 2018) (Finansdepartementet, 2017)

Ein av dei viktigaste faktorane for å få til dette er å ha økosystem som produserer idear, gründerar og bedrifter av god kvalitet. Anerkjend forskning frå MIT (Massachusetts Institute of Technology) viser at slike økosystem må innehalde 5 ulike interessentgrupper for å vere suksessfulle. Dette er gründerar, næringslivet, offentleg forvaltning, risikokapital og academia. Eit økosystem er ikkje komplett før desse har felles geografisk tilhøyring i dagleg aktivitet. (Budden & Murray, 2019)

Dette er aktørar som tradisjonelt sett ikkje er til stades på ein campus for høgare utdanning. Det peikar difor ei ny retning for campusutvikling. Ein må, både i utvikling av eksisterande campus og framtidige etableringar, i mykje større grad samlokalisera academia med andre aktørar. Både til å ligge i same geografiske område, og i same bygningsmasse. Dette skapar naturlege arenaer for dialog og samspel. Slik kan UH-sektoren stimulere til auke i satsing på innovasjon og entreprenørskap for å møte framtidens utfordringar og løyse sitt samfunnsansvar.

NSO meiner at:

- Norske utdanningsinstitusjonar i større grad må samlokalisera seg med andre aktørar, for å sikre gode økosystem for innovasjon og entreprenørskap.
- Aktørar utanfor UH-sektoren, i den aktuelle regionen, må inviterast inn til å delta i campusutvikling.

KJELDER

Budden, P. & Murray, F., 2019. *innovation.mit.edu*. [Internett]
Available at: https://innovation.mit.edu/assets/MIT-Stakeholder-Framework_Innovation-Ecosystems.pdf
[Funnet 01 Oktober 2019].

Finansdepartementet, 2017. *regjeringen.no*. [Internett]
Available at: https://www.regjeringen.no/no/tema/okonomi-og-budsjett/norsk_ekonomi/perspektivmeldingen-2017/id2484715/
[Funnet 01 Oktober 2019].

Holm, E. D., 2018. *dnbnyheter.no*. [Internett]
Available at: <https://www.dnbnyheter.no/bedrift/vi-trenger-77-460-nye-bedrifter-hvert-ar-frem-mot-2040/>
[Funnet 01 Oktober 2019].

